

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 14. november 2017.

Tilstades: Regionordførar Erik Skjervagen, Jon Rikard Kleven, Halfdan Haugan, Jarand Felland, Halvor Homme, Tarjei Gjelstad, Ketil Kiland, Jan Myrekrok, John Kleiv, Sverre Sæter og Øystein Tveit.

Frå adm møtte Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 45/2017. Referat frå rådsmøte 10. oktober 2017.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 10. oktober 2017 vart samrøystes godkjent.

Sak 46/2017. Forslag til delegeringsreglement Vest-Telemarkrådet.

Det låg føre forslag til delegeringsreglement for Vest-Telemarkrådet. Forslaget er ei samanstilling av delegeringsreglement, økonomireglement, innkjøpsreglement samt etiske retningslinjer.

Etter ordskifte vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til delegeringsreglement for Vest-Telemarkrådet med ei presisering om at AU skal gjennomføre utviklingssamtaler med regionrådsleiar og fastsetje løna for alle tilsette i administrasjonen.

Forslaget vert å legge fram for endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget 5. desember 2017.

Sak 47/2017. Saker til møte med Telemarksbenken, gjennomgang.

Som førebuing til det etterfylgjande møtet med Telemarksbenken, gjekk Vest-Telemarkrådet gjennom saklista til møtet. Dei oppsette sakene vart drøfta og det vart fastsett kven som skulle legge fram kvar enkelt sak i møtet med Telemarksbenken.

Sak. 48/2017. Forslag til sakliste for møtet i Tinget 5. desember 2017.

Det låg føre forslag til sakliste for det komande møtet i Vest-Telemarktinget 5. desember. Til saken om val av regionordførar og regionvaraordførar for komande to-årsperiode, låg det føre forslag frå valnemnda. Andre saker på saklista var forslag til arbeidsprogram for perioden 2018 - 2019, forslag til budsjett 2018 samt forslag til delegeringsreglement for Vest-Telemarkrådet.

Rådet drøfta nærare rundt det faglege innslaget om regjeringas forslag til omlegging av eigedomsskatten, og kom til at ein vil invitere styreleiar Torfinn Opheim i LVK for å orientere nærare om saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste for møtet i Tinget 5. desember 2017.

Sak 49/2017. Orienteringssaker/Ymse.

Mattilsynet - felles kontorstad.

Regionrådsleiar orienterte kort om ei melding frå Mattilsynet avd Telemark, der avdelingssjef Jan Egil Aronsen ynskjer å kome til Vest-Telemarkrådet for å informere nærare omkring prosessen rundt felles kontorstad for øvre Telemark. Planen er at det skal ligge føre innstilling innan 1. mars 2018, der hovudkontoret skal ta avgjerd om plasseringa.

Vedtak: På bakgrunn av meldinga frå Mattilsynet vil Vest-Telemarkrådet invitere avdelingssjef Jan Egil Aronsen til fyrste rådsmøtet på nyåret, fastsett til 13. februar 2018.

Vest-Telemarkkonferansen 31. januar 2018.

Ole Dalen orienterte nærare om førebuinga av konferansen så langt. Ein vonar å få Trygve Slagsvold Vedum som ein av hovudtalarane, men dette er ikkje avklart. I likskap med inneverande år vert konferansen og yrkesmessa på Dalen arrangert på ulike datoar. Ut frå signal frå Vest-Telemark vidaregåande skule, er det viktig at regionen også tek ansvar i høve til yrkesmessa.

Digitalisering.

Etter drøfting kom ein fram til at vi må ha ein felles digitaliseringsstrategi som grunnlag i eit vidare samarbeid. Eit samarbeid på digitalisering vil også kreve ei økonomisk satsing og truleg ei stilling knytt til dette. Før ein arbeider vidare med oppretting av eit formelt samarbeid, må ein forankre dette politisk i alle deltakande kommunar og ha forpliktande budsjett/økonomisk grunnlag. Det ligg føre utkast til eit slikt samarbeid i rapporten om *”Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark – IKT”* side 45. (Rapporten finst her : http://www.vt-radet.no/2017/02/16/interkommunalt-samarbeid-naering-reiseliv/2017-ikt-interkommunalt-samarbeid-vt_2-1/)

Vedtak : Rådmennene får i oppdrag å legge fram likelydande sak til kommunestyra før ein går vidare med regionalt samarbeid på digitalisering i Vest-Telemark.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes.